

Revolusjonerande midtdelar frå VikØrsta

Torsdag fekk VikØrsta vitting av stortingsrepresentant Jenny Klinge (Sp). Der fekk ho kike nærare på ein nyleg godkjent midtdelar som skal redde liv i trafikken over heile landet.

Opphavg skulle Klinge ha med seg statssekretær i samferdselsdepartementet, Erik Lahnstein (Sp) under besøket, men han var diverre forhindra på grunn av sjukdom.

Smal, men sterk

Under opphaldet ved VikØrsta fekk Klinge og partifelle Ragnhild Aarflot Kalland sjå korleis produksjonen av lyktestolpar gjekk føre seg, frå montering til galvanisering og lakkering. Dei fekk òg studere ein modell av den nyleg godkjende midtdelaren "Monoline", som er revolusjonerande i si utforming. Midtdelaren er smal, men sterk, og treng mykje mindre plass enn tidlegare betongmidtdelalar. Den kan plasserast på dei fleste vegar der det er gul midtstripe, utan breiddeutviding av vegen. Slik vil den vere ideell til bruk i mellom anna vårt fylke.

Tusen kroner

45 prosent av alle dødsulykker i trafikken er møteulykker, og det har VikØrsta no gripe fatt i.



* Slik ser den nye midtdelaren ut. Klinge og Kalland vart informerte om produktet av adm.dir. Svenn Egil Finden og viseadm. dir. Terje Bøe i VikØrsta.

"Monoline" er sterk og elastisk nok til å tole krasj med store køyretøy utan å bøye seg over i motgåande køyrefelt. I og med at det er ope rom under midtdelaren kan smådyr passere over vegen som før, og det hindrar ikkje sikta nemneverdig for bilistane. Ferdig montert vil midtdelaren koste

kring tusen kroner per meter. Dette står i sterk kontrast til eksisterande betongmidtdelalar, som på grunn av krav om breiddeutviding av vegen kostar heile 40.000 kroner meteren ferdig montert.

Høver i vårt fylke

Klinge let seg imponere over produktet.

- Eg tykkjer det er spennande og imponerande å sjå slik produktutvikling som er med på å redde liv, slår ho fast. Klinge fortel vidare at gjennom Nasjonal Transportplan er det løyvd midlar til å sette midtdelar på kring 750 kilometer veg i Noreg dei neste ti åra. Ho trur "Monoline" vil bli ein suksess, sidan kostnaden er så mykje lågare enn med tidlegare midtdelalar.

- Ved å bruke denne delaren kan vi få midtdelar på mange gongar så lang strekning som det vi hadde tenkt, smiler ho. Ho er òg glad for at midtdelaren passar for smale vegar, for det er det mange av i landet vårt.

- Fleire vegar i Møre og Romsdal kan få midtdelar no, sjølv på

stadar der det ikkje har vore mogleg tidlegare. No slepp ein å utvide vegen, seier ho.

Reddar matjord

Ei anna som tykte det var flott å høyre at ein slepp utvide vegane var ordførar i Volda, Ragnhild Aarflot Kalland.

- Ut frå jordvernomsyn så er dette gode nyhende. Når ein har utvide vegane for å få plass til midtdelalar er det ofte matjorda som har måtta vike. No kan ein altså få meir sikring for kvar krone, meir matjord spart, færre dødsulykker og det går kortare tid frå ein løyver pengar til tryggingstiltaket er på plass, sidan ein slepp gå gjennom ein prosess med breiddeutviding av vegen fyrst, seier ein nøgd Sp-ordførar. Ho meiner satsing på dette produktet er både god samferdsels- og distriktspolitikk. 9. mars vart "Monoline" godkjent for bruk på norske vegar, og rundt 1. juni har VikØrsta produsert nok slike midtdelalar til å starte salet for fullt.



* Viseadm. dir. Terje Bøe i VikØrsta viste Jenny Klinge og Ragnhild Aarflot Kalland rundt ved verksemda i Skorgeura.